

---

Vår referanse	2020/1607-2
Dato	18.02.2020
Sakshandsamar telefon	Trond Wahl 40916223

---

Finansdepartementet  
Postboks 8008  
0030 OSLO

## Oversending høyringsfråsegn Skattlegging av havbruksverksemd

Vestland fylkeskommune send med dette fylkesutvalet sitt vedtak av 14.02.2020, i saka om skattlegging av havbruksverksemda.

Følgjande vart samrøystes vedteke:

### Vedtak

1. Vestland fylke stør mindretallet si innstilling. Det er svært viktig at kommunane har evne til samarbeid med næringa om innovasjon og gode miljøløysingar. Ei vidareføring/justert modell av Havbruksfondet i kombinasjon med ei lokal arealavgift vil bidra til å sikra dette
2. Havbruksnæringa er ei av få lønsame næringar som kan gje busetting, arbeidsplassar og inntekter i dei mest distriktsprega områda innan Vestland fylkeskommune. Svekking av marginar i næringa vil bremse initiativ og investeringslyst. Vestland fylkeskommune rår difor frå eit skattleggingsregime som reduserer vilje til satsing på berekraftig havbruksvekst..
3. Fylkesutvalet meiner at det ikkje bør innførast statleg grunnrenteskatt av akvakulturnæringa, då dette kan hindre naudsynte investeringar i innovasjon for auka berekraft.
4. Vestland fylkeskommune ynskjer å stø oppunder ein variert eigarstruktur som gjev rom for både store og små aktørar. Forslaget om skattlegging av havbruksverksnæringa kan verke negativt for dei små verksemdene ved at dei i mindre grad kan flytte kostnader internt i konsern, og dermed får relativt høgare skattetrykk.
5. Fylkesutvalet meiner kommunane må sikrast føreseielege inntekter for å setje av areal til produksjon av matfisk av laks og aure, der målet er å sikre fellesskapet ein rimeleg del av verdiskapinga ved at vertskommunane oppnår stabile inntekter.

Med helsing

Endre Høgalmen  
Seksjonssjef

Trond Olav Wahl  
Seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*